

Referat Årsmøte Breivika Båthavn 25/2 2013

Stad: Breivika Båthavn, Klubbhus

Frammøtte:

-16 medlemmer (1 stk fullmakt, 4 medlemmer har 2 stk båtplasser).

Saker:

1. Godkjenning av sakliste.

- a. Sakslista blei einstemmig godkjend .

2. Val av møteleiar og referent:

- a. Møteleiar: Vidar Grønnevik
- b. Referent: Per Arne Solheim

3. Val av 2 medlemmer til å skrive under på årsmøteprotokollen:

- a. Arne Helle
- b. Martin Inge Kjerpeseth

4. Årsmelding 2012

- a. Kjell Atle Reksten gjekk igjennom denne på ein god måte og den blei einstemmig godkjend.

5. Regnskap 2012

- a. Kasserar Einar Jacobsen gjekk i gjennom. Kasserar kommenterte særleg at regnskapet viser eit overskot på kr. 126 000,- . Dette foreslår styret å sette av i eit fond til framtidige investeringer.
- b. Regnskapet blei einstemmig godkjent.

6. Fastsetting av kontingent for 2013.

- a. Det vart lagt fram av styret eit nytt system, der vi auker medlemskontigenten med kr. 300,-. Samtidig som dugnadsplikta opphøyrer. Sjå pkt.11.3.
- b. Einstemmig vedteke.

7. Utleigeprisar.

- a. Styret la fram forslag om 3% auke.
-

- b. Rune Andreas Eick kom med innspel om auke utleige priser prosentvis like mykje som medlemskontigenten. Det vart argumentert med at vi aukte rikelig i 2012. Det vart vidare konkludert med at styret fortløpande vurderer utleigeprisane.
- c. Styrets forslag vart einstemming vedteke.

8. Pris på båtplassane.

- a. Lagt fram av Einar Jacobsen, og einstemmig vedteke.

9. Framlegg om endring av godtgjerdslar til styremedlemmer og bryggesjefsassistent.

- a. Styret la fram at det i løpet av 2013 vil måtte gjennomførast ein betydelig arbeidsinnsats frå styremedlemmene og bryggesjefsassistent. Styret foreslår fritak frå dugnadsarbeid og medlemskontigent i tre år etter at ein forlet styret og vervet som bryggesjefsassistent. Frå før har styret fritak i valgperioden, inklusive det året ein forlet styret.
- b. Det vart ein runde blant dei oppmøtte på årsmøte, og det var ikkje alle som var enig i dette. Det var meiningar som gikk ut på at dette var ei foreining basert på dugnad. Andre meinte/argumenterte med at havna blir eldre og eldre, dermed må vi forvente at det blir meir arbeid som skal utførast. Og dette skal være ei form for «gulrot», for å stille til verv.
- c. Framlegget frå styret vart vedteke mot 3 stemmer.

10. Budsjett for 2013.

- a. Lagt fram av Einar Jacobsen.
- b. Einstemmig vedteke.

11. Saker frå styret.

Styret la fram tre konkrete saker for årsmøte.

11.1. Fylling mellom «moloøy» og land på nordside.

I samband med arbeidet og taksering av skade etter Dagmar er Breivika båthavn blitt tilrådd å fylle att sundet. Kostnader til dette er estimert til kr.250 000.- - 300 000.-. Styret foreslår å legge kr.126 000.- i fondsmidler inn som grunnfinansiering og ber årsmøtet om fullmakt til å kunne fullfinansiere arbeidet ved å kunne belaste kvart medlem/båtplass med inntil kr.2000,-.

Ein eventuell eigenandel frå medlemmene skal leggjast til som verdiauke på den enkeltes båtplass.

- a. Einstemmig vedteke.

11.2. Vern av innløp – permanent bølgebrytar/forlenging av hovedmolo.

Dersom det viser seg at det blir aktuelt å kunne bli mottaker av fyllmasse frå utdjupeing av Florøvika, ber styret om fullmakt til å sette Breivika Båthavn på liste over aktuelle dumpeplasser, følgje opp denne saka og innhente naudsynte løyver og økonomiske tilbod.

- a. Einstemmig vedteke.

11.3. Effektivisering av arbeidsoppgaver i havna.

For å betre effektiviteten av arbeidsoppgåvene i havna, foreslår styret at dugnadsplikta for medlemmane opphøyrer. I staden etablerast eit system der intern og ekstern innsats hentast inn. For å finansiere dette, aukast medlemskontigenten med kr.300,-pr år. Dagens pålagte dugnadsverdi (på kr.450,- ved 3 timer dugnad), går ut. Arbeider ein dugnad, får ein frådrag med kr.150,- pr.time. (Det skal fortsatt være høve til å arbeide dugnad, enten ved forespørsel frå styret eller at ein melder seg til tjeneste ved å utføre oppgaver som styret har satt opp).

-Det vart ein del diskusjoner rundt dette tema. Som at det er sosialt å ha dugnad, at det er ein måte å føle tilhørigheit til båthavna.

- a. Forslaget til styret vart einstemmig vedtatt.

12. Vedtektsendring.

Framlegg til vedtektsendring §6, Breivika Båthavn.

For å være noko meir oppdatert og nøyaktig foreslår styret å justere §6 til følgande ny formulering:

§6.Miljø

Alle medlemmer skal forholde seg til gjeldende lovverk. Dette gjelder i særleg grad Forurensingsloven og regelverk knyttet til denne.

Medlemmene plikter å hjelpe til med å holde det ryddig og pent i havneområdet og på parkerings- og veiareal. Medlemmene har ansvar for sitt eget avfall. Dette inkluderer så vel restavfall som spesialavfall både frå bruk av båt og ved slipping. Alle typer avfall skal bringast med heim og deponerast etter gjeldande regelverk. Det innførast nulltoleranse for oljeuslipp i havna.

Følgande forbud gjelder inntil vidare:

- Det er forbud mot å lense oljeholdig vatn i havneområdet

- Det er forbud mot å sette igjen spesialavfall som olje og drivstoffrester i havneområdet.
- Det er forbud mot dumping av fiskeavfall frå sløyting i havna.
- Lensing av båt i havneområdet er forbudt, men ved nødsfall som fare for havari, kan lensing i havna gjennomførast.
 - a. Einstemmig vedteke.
 - b. Årsmøte påla styret å ta kontakt me Bauge Trevare for å få slutt på utslipp/sotutslipp.

13. Innkomne saker/Ymse.

Det kom opp forslag om å endre innkalling til Årsmøte.

Forslaget går ut på å kun sende epost til dei som har det og sende brev til dei andre.

Gå vekk frå å annonsere i lokalavisa.

a. Einstemmig vedteke.

Ellers oppfordra styreformann alle til følgje med på mistenkelig oppførsel og ukjente personer som oppheld seg i båthavna, då det er rapportert tyveri frå 2 stk båter på nordsida. Medlemmer må ikkje være redd for å spørre ukjente om hvilken båtplass og båt dei har.

14. Valg.

På val 2012:

Formann:	Kjell-Atle Reksten	(på valg for 2 år)
Materialforvalter:	John Reksten	(på valg for 2 år)
Skrivar:	Stein Malkenes	(på valg for 1 år)
1.vara:	Rune Andreas Eick	(på valg for 2 år)
2.vara:	Per Arne Solheim	(på valg for 2 år)
Revisor:	Vidar Grønnevik	(på valg for 2 år)
Bryggesjefsassistent:	Arvid Stavang	(på valg for 2 år)

1.og 2. vara utgjer valgnemnd.

a.Samtlige tok attval. Dermed var det valgkomiteens sin innstilling også.

b.Einstemmig vedteke.

Styreformann Kjell Atle Reksten takka for frammøte.

Godkjenning av referat

12/3-13 Anne H. Elle
Dato/Signatur

Kjell Atle Reksten
Dato/Signatur